



VÅGÅ
KOMMUNE



Barnetrakkregistrering i Vågå hausten 2012

Analyse for kommuneplanarbeidet

Innhald

Føreord	2
Kva er barnetrakk, og kvifor registrerer vi dette?	3
Metode	3
Feilkjelder	5
Resultat.....	5
Skule- og fritidsveg	5
Kommentarar til resultata og forbetringmoglegheiter på Lalm	6
Kommentarar til resultata og forbetringmoglegheiter i Vågåmo.....	8
Leike- og opphaldsområde	12
Kommentarar til resultata og forbetringmoglegheiter.....	14
Område som skulen og barnehagen brukar	17
Kommentarar til resultata og forbetringmoglegheiter.....	18
Vurdering/diskusjon av resultata	18
Kjelder	19
Kartvedlegg.....	20

Føreord

Vågå kommune er i gang med å revidere samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Den reviderte planen skal vere ein brei og heilskapleg plan med langsiktige og strategiske grep for utviklinga av Vågå kommune. For å sikre medverknad frå barn- og unge i dette arbeidet vart det gjennomført barnetrakk registreringar på Vågåmo skule, Lalm skule og Vågå ungdomsskule hausten 2012. Registreringane vart utført av elevar på 6. og 9 trinn. Lærarar på skulane og tilsette i barnehagane har registrert kva for området skulen og barnehagen nyttar gjennom året.

Elevar og tilsette har vore positive til å delta og kommunen sine representantar har vore møtte med interesse og velvilje heile vegen.

Ansvarleg for å gjennomføre barnetrakkregistreringane hausten 2012 var plan- og miljørådgjevar Laila Nersveen og folkehelsekoordinator Hege Bestum. Rapport og kartvedlegg er utarbeidd av plan- og miljørådgjevar Laila Nersveen hausten 2014 .

Kva er barnetrakk, og kvifor registrerer vi dette?

Barnetrakk har som hensikt å oppnå medverknad og betre planlegging for barn og unge. Dette er ein metode der barn og unge sjølv registrerer sine skule- og fritidsvegar, leike- og opphaldsområde, stader dei likar og mislikar, og til slutt kva for fysiske endringar dei ønskjer seg i nærområda. Dei får med dette ein reell moglegheit til å påverke utforming og utvikling av eigne omgivnader. Barnetrakk vil også kunne gi kommunen oppdatert lokalkunnskap om kvar barn og unge oppheld seg. Dette kan legge grunnlaget for betre planlegging og kvalitetssikre slutningar som angår barn og unge, samt dekke dokumentasjonskrav i samband med planprosessen.

Medverknad er eit viktig stikkord i samband med barnetrakkregistreringane. Mange arealplansaker vil i større eller mindre grad få konsekvensar for barn og unge. Krav til medverknad er omtala i fleire lovar og rundskriv, og er også forankra i Barnekonvensjonen. Barn og unge er medborgarar som har lyst og interesse av å delta og bli teke på alvor. Medverknad er derfor ein viktig del av demokratiopplæringa.

Barnetrakkmetodikken er utvikla av fylkesplanleggar i Vestfold, Eva Almhjell, og metoden har vore i bruk i arealplanlegging sidan 1993. Statens kartverk og Norsk Form digitaliserte metoden i 2006, og den har sidan vore nytta i planarbeid i ei rekkje kommunar. Dette er fyrste gongen det er gjort barnetrakkregistreringar i Vågå kommune.

Barnetrakkregistreringar inngår som ein del av tilbodet til nettstaden www.kartiskolen.no Nettstaden er eit større pedagogisk verktøy for skulane, og er kostnadsfrie for kommunane. Registreringane kan gjerast i skuletida, anten digitalt på kartløyisinga til www.kartiskolen.no, eller manuelt på papirkart.

Metode

Det blir her skildre korleis vi har gått fram for å innhente barnetrakkregistreringane. Vi valde å registrere Barnetrakk digitalt fordi vi trur digitale løyisingar interesserer elevane i større grad enn å teikne inn manuelt på papir. Barn og unge i dag er ofte vande med å bruke data og ulike kartløyisingar, og det gjorde etterarbeidet enklare.

Informasjon og førebuing (september-oktober 2012):

For å informere og førebu leiinga og lærarane ved skulane på Barnetrakk, deltok vi fyrst på eit møte med kontaktlærarane for elevane som skulle registrere barnetrakk. Det vart så bestemt dag for

førebuing i lag med elevane på kvar skule. Lærarane informerte også elevane i forkant. Elevane fekk med informasjonsbrev heim, der det sto stutt om kva barnetrakkregistreringar var, og korleis ein hadde tenkt å handtere informasjonen frå elevane vidare. Det vart innhenta tillating frå foreldre/føresette.

Førebuing på skulen (oktober-november 2012):

Førebuinga gjennomførte vi tilnærma likt i 6. og 9. trinn. Vi starta med å gå skulevegen til ein av elevane. Undervegs snakka vi med elevane, og spurte kvar dei gjekk, snarvegar, opphaldsområde etc. I klasserommet etterpå presenterte vi barnetrakk gjennom foredrag, og vi teikna inn vegar, område og stader for den eleven som viste oss sin skule-/fritidsveg, på papirkart.



Figur 1: Skuleveg som vart gått på Lalm med 6. trinn.

Gjennomføring (oktober-november 2012):

Vi brukte ein dag på å registrere Barnetrakk på Lalm skule og to dagar på Vågåmo skule. På ungdomsskulen brukte vi også to dagar. Vi fekk låne eit eigna rom på skulen, og vi henta inn mellom to og fire elevar som registrerte sine "trakk" på kvar sin PC. Det var ulikt kor lang tid dei brukte - alt frå 30 min til ein time.

Kontaktlærarane for 6. og 9. trinn fekk så registrere område som skulen nyttar gjennom året. Dei fire barnehagane i Vågå fekk og registrere sine opphalds- og leikeområde, da vi meiner at barnehagen også er ein viktig bidragsytar i dette arbeidet. Det var dei tilsette i barnehagane som utførte registreringane.

Feilkjelder

Vi ser at måten Barnetrakk vart utført på kan påverke kva for resultat vi sit att med, og må derfor ta høgde for ulike feilkjelder ved registreringane.

- Registreringane speglar situasjonen slik den er i dag.
- Kan hende det elevane hugsar best, vart registrert.
- Områdebruken varierer etter årstid
- Dei fekk avgrensa med tid, og nokre måtte velje ut kva dei ville registrere.
- Påverknad frå vaksne.
- Påverknad frå andre eleva.
- Deltakingen er låg i tall (35 stk. på 6. trinn og 40 stk. på 9. trinn).
- Det har gått to år frå registreringane vart gjennomført til rapporten er skriven.

Resultat

Fleire av barna viste god kartforståing og det gjekk stort sett fint å registrere digitalt. Det var stor forskjell mellom barna på kor mykje dei registrerte. Nokre registrerte berre eit par ting, medan andre ikkje fekk registrert alt dei ønska. Barna på 6. trinn registrerte generelt meir enn barna på 9. trinn. Registreringane frå 6. og 9. trinn er vist samla i tabelloversikt og i oversiktskarta som ligg som vedlegg til rapporten. Det vart ikkje skilt på klassetrinn ettersom det var såpass få elevar som registrerte.

Det vart gjennomført registreringar over heile kommunen og for dei elevane som nyttar skulebuss vart skulevegen ned til busshaldeplassen registrert. Registreringar som er gjort på privat veg og ned til busshaldeplass er ikkje vist i oversiktskartet. Desse registreringane er ikkje tatt med fordi registreringane skal vere anonyme. Einskilde registreringar av leikeområde som er gjort heime hjå elevane er heller ikkje tatt med i oversiktskartet og oppsummeringa over leikeområde.

Skule- og fritidsveg

Det er i registreringane ikkje skilt på skuleveg og fritidsveg, men ofte så var skulevegen også fritidsveg for mange av ungane. Det vart også registrert mange andre fritidsvegar. Det er i oversiktskarta, som ligg som vedlegg, ikkje skilt på kor mykje vegane er nytta, men vegane som ligg i sentrumsnære område er mest nytta også blir dei mindre nytta jo lengre utanfor sentrum og bustadfelt dei ligg. Det var også stor forskjell mellom ungane på kva dei syntest var farleg og ikkje. Der det har vore delte meiningar på om vegen opplevast som farleg eller ikkje, så er vegen vist med både raud og blå farge.

Sjølv om det berre har vore ein registrering på at vegen er farleg så er den vist med raud farge i kartet og liste opp i tabellen nedanfor.

Snarvegar som blir nytta har også blitt registrert og desse er vist med grøn farge. Der vegen også blir oppfatta som farlege er dei også vist i kartgrunnlaga og i tabellane nedanfor. Tabell 1 og tabell 2 viser vegar og kryss som blir oppfatta som skumle og farlege i Vågåmo og på Lalm. Som ein ser av tabell 1 og 2 har farlege vegstrekningar ofte orsak i stor trafikk, ved at bilane køyrer fort og at det er uoversiktleg der ein skal krysse vegen. Resultata frå registreringane peiker ut eit kryssingspunkt og nokre strekningar som bør særleg prioriterast. Dette er kommentert under kommentarar til resultata og forbetningsmoglegheiter.

Tabell 1: Vegar og kryss som blir oppfatta som farlege på Lalm (vist i kartvedlegg nr. 3)

Nr. på kartet	Namn på veg/kryss	Kva er skummelt/farleg	Årstid
A	Kvennbergvegen	Mørkt	Heile året, spesielt vinter
B	Baksidevegen	Mørkt, høy fart på biler gjennom svingen	Heile året
C	Baksidevegen	Mørkt, manglar gang- og sykkelveg	Heile året
D	Rv. 15 til Klebervegen	Stor trafikk, manglar gang- og sykkelveg	Heile året
E	Klebervegen	Bratt og svingete, uoversiktleg, manglar gang- og sykkelveg	Heile året
F	Snarveg frå Klebervegen til Lalm sentrum	Mørkt	Heile året, spesielt vinter
G	Snarveg frå Klebervegen til Lalm sentrum	Mørkt	Heile året, spesielt vinter

Kommentarar til resultata og forbetningsmoglegheiter på Lalm

Nr. A: Kvennbergvegen

Vegen er skuleveg og fritidsveg for ein del ungar. Det er stort sett mangel på ljossetting som gjer at borna syns vegen er skummel.

Moglege betringstiltak:

- Betre ljossetting.

Nr. B og C: Baksidivegen på Lalm i sentrumsområdet

Vegen er skuleveg for fleire, i tillegg til å vera veg til og frå arbeidsplassen. Det er og ein veg som nyttast når foreldre køyrer barn til skule/barnehage. Registreringane tyder på at vegen er uoversiktleg i svingane, samstundes som trafikk er stor og farta høg. Det er også mørkt på vegstrekninga.

Moglege betringstiltak:

- Gang- og sykkelveg eller fortau som tydeleg skiljar køyrebana frå gangareal. Opphøgd fortau med kantstein, og nedsenking og måla felt på kryssingspunkt.
- Redusere farten på vegen.
- Fortsetje arbeidet med å spele inn behov for gang- og sykkelveg/fortau til Statens vegvesen gjennom trafikkisikringsplanar, og ved gjennomføring av utviklingsprosjekt som sokner til vegen. Barnetrakkregistreringane bør gjerast kjent som ein del av grunnlaget for avgjerd.
- Betre ljøssetting.

Nr. D: RV. 15 til Klebervegen

Vegstrekninga frå slutten på gang- og sykkelvegen og fram til Klebervegen vart registrert som skummel på grunn av stor trafikk, høg fart, mørkt og manglande gang- og sykkelveg i 2012. Sidan barnetrakkregistreringane vart gjennomført har det blitt bygd gang- og sykkelveg med ljøssetting fram til Klebervegen. Denne vegstrekninga er difor ikkje eit problemområde for barn- og unge lengre.



Figur 2: Ny gang- og sykkelveg på Lalm.

Nr. E: Klebervegen

Vegen er skuleveg og fritidsveg for nokre born. Klebervegen er ein blindveg og det er stort sett folk som bur etter vegen som nyttar den. Vegen blir oppfatta som bratt, svingete, mørk og uoversiktleg for barna. Det er registrert to snarvegar i området som blir mykje nytta i staden for sjølve Klebervegen, men det blir også oppgjeve at desse snarvegane også blir oppfatta som farlege/skumle. Dette skuldast mykje at det er mørkt, glatt og snarvegane er dårleg opparbeidd.

Moglege betringstiltak:

- Vegen har generelt ein dårleg standard og er svært bratt og svingete. Det er vanskeleg å gjere noko med det ettersom gang- og sykkelveg ikkje er aktuelt på ein slik vegstrekning.
- Redusere fartsgrensa.
- Legge til rette for at snarvegane som er i området skal bli meir nytta.

Tabell 2: Vegar og kryss som blir oppfatta som farlege i Vågåmo (vist i kartvedlegg nr. 1)

Nr. på kartet	Namn på veg/kryss	Kva er skummelt/farleg	Årstid
H	Rv. 15	Ikkje gang- og sykkelfelt, høg fart og stor trafikk	Heile året
I	Sveaholsvegen	Uoversiktleg, smalt, høg fart på trafikk	Heile året
J	Øygardsvegen	Bratt, smalt, svingete, høg fart på trafikk	Heile året
K	Skogbygdsvegen	Bratt, smalt, uoversiktleg, høg fart på trafikk	Heile året
L	Sætavegen	Uoversiktleg, skarpe svingar	Heile året
M	Vågåvegen, spesielt kryss mellom Vågåvegen og Edvard Storms veg.	Biler køyrer fort, uoversiktleg	Heile året
N	Brennvegen	Uoversiktleg	Heile året
O	Øvre Nordheradsveg	Mørkt, biler køyrer fort	Heile året
P	Pyntholvegen	Mørkt	Heile året
Q	Grindstugulego	Biler køyrer fort	Heile året
R	Gangveg mellom Moavegen og Pyntholvegen	Mørkt	Heile året
S	Vågåvegen	Lite oversiktleg	Heile året
T	Nedre Nordheradsveg	Biler køyrer fort i svingen	Heile året

Kommentarar til resultatata og forbetringmøglegheiter i Vågåmo

Nr. H: RV. 15 frå søre rundkøyring til Steindalsvegen

Vegstrekninga er skule- og fritidsveg for nokre. Vegstrekninga er hovudfartsåre mellom aust og vest Noreg. Det er difor mykje trafikk og høg fart på strekninga. Det har lengje vore uttrykt ønskje om

fortau eller gang- og sykkelveg langs vegen. Kommunens planverk teiknar og opp ein trase for dette utan at dette har vorte realisert. Barna sine egne registreringar byggjer ytterlegare opp om behovet.

Moglege betringstiltak:

- Gang- og sykkelveg eller fortau som tydeleg skiljar køyrebana frå gangareal. Opphøgd fortau med kantstein, og nedsenking og måla felt på kryssingspunkt.
- Redusere farten på vegen.
- Fortsetje arbeidet med å spele inn behov for gang- og sykkelveg/fortau til Statens vegvesen gjennom trafikksikringsplanar, og ved gjennomføring av utviklingsprosjekt som sokner til vegen. Barnetrakkregistreringane bør gjerast kjent som ein del av grunnlaget for avgjerd.

Nr. I: Fyrste sving i Sveaholsvegen

Kommunal veg til bustadfeltet Sveaholen som er skuleveg for ein del ungar. Bustadfeltet ligg innanfor det ein kan kalle Vågå sentrum, men i ein slik avstand at vaksne stort sett nyttar bil til og frå arbeid. Det er difor ein del trafikk på vegen. Vegen er bratt, smal og svingete og det kjem tilbakemeldingar på at farten er for høg, spesielt i svingar.

Moglege betringstiltak:

- Gang- og sykkelveg eller fortau som tydeleg skiljar køyrebana frå gangareal. Opphøgd fortau med kantstein, og nedsenking og måla felt på kryssingspunkt.
- Redusere farten på vegen.
- Legge til rette snarvegen over Svejordet betre slik at fleire nyttar snarvegen.
- Betre ljossetting.

Nr. M: Krysset mellom Vågåvegen og Edvard Storms veg

Kryssingspunkt, som er tilrettelagt med måla felt. Er mykje brukt for å ta seg frå bustadområde til skuleområde. Det er venta at kryssingspunkt vil bli like mykje nytta i framtida. Det er spesielt mykje trafikk og høg fart som gjer kryssingspunktet uoversiktleg for barna.



Figur 3: Krysset mellom Edvard Storms veg og Vågåvegen.

Moglege betringstiltak:

- Opphøging av gangfelt for å skremme mot høg fart.
- Skuleleiing og lærarar bør søke å gje haldningar om at tilrettelagde kryss for fotgjengarar bør brukast riktig.
- Trille sykkelen over gangfeltet.

Nr. J og L: Øygardsvegen og Sætavegen

Vegstrekningane er skuleveg og fritidsveg for ein del ungar, i tillegg til å vera veg til og frå arbeidsplassen. Det er og vegar som blir nytta når foreldre køyrer barn til skule/barnehage. Registreringane tyder på at vegane er smale og uoversiktleg, samstundes som trafikken er relativt stor og farta høg. Det er også oppgitt at vegen er generelt dårleg.

- Redusere farten på vegen.
- Utbetre vegen noko, men det er ikkje realistisk at det kan byggjast gang- og sykkelveg. Utbetring av vegen kan igjen føre til at farten på bilane aukar.
- Det er mykje stigar i området som kan nyttast i staden for vegen. Det bør difor leggjast til rette for at desse skal bli meir brukt.

Nr. N, P, Q og S: Brennvegen, Pyntholvegen, Grindstugulego, Vågåvegen

Dette er kommunale vegstrekningar som ligg innanfor Vågåmo sentrum. Deler av desse vegstrekningane blir oppfatta som mørke og uoversiktlege.

Moglege betringstiltak:

- Betre ljøssetting i sentrumsområde.

Nr. K og O: Skogbygdsvegen og Øvre Nordheradsveg

Vegstrekningane er skuleveg for mange, i tillegg til å vera veg til og frå arbeidsplassen. Det er og vegar som nyttast når foreldre køyrer barn til skule/barnehage. Registreringane tyder på at vegane er smale og uoversiktleg, samstundes som trafikken er stor og farta høg. Det har lengje vore uttrykt ønskje om fortau eller gang- og sykkelveg langs Skogbygdsvegen og delar av Øvre Nordheradsveg. Kommunens planverk teiknar og opp ein trase for dette utan at dette har vorte realisert. Barna sine egne registreringar byggjer ytterlegare opp om behovet.

Moglege betringstiltak:

- Gang- og sykkelveg eller fortau som tydeleg skiljar køyrebana frå gangareal. Opphøgd fortau med kantstein, og nedsenking og måla felt på kryssingspunkt.
- Redusere farten på vegen.
- Statens vegvesen har no varsla planoppstart for detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg frå Sætavegen og ned til Vågåvegen. Dette vil sikre at ein del av Skogbygdsvegen blir ein trygg og sikker barneveg for fleire barn. Det er likevel viktig å fortsette arbeidet med å spele inn behov for gang- og sykkelveg/fortau til Statens vegvesen slik at resten av Skogbygdsvegen og Øvre Nordheradsveg også kan få gang- og sykkelveg ein gong i framtida.

Nr. T: Nedre Nordheradsveg ved Flatmosvingen

Vegstrekningen er skuleveg for fleire, i tillegg til å vera veg til og frå arbeidsplassen. Det er og ein veg som nyttast når foreldre køyrer barn til skule/barnehage. Registreringane tyder på at vegen er uoversiktleg i svingen, samstundes som trafikk er stor og farta høg.

Moglege betringstiltak:

- Gang- og sykkelveg eller fortau som tydeleg skiljar køyrebana frå gangareal. Opphøgd fortau med kantstein, og nedsenking og måla felt på kryssingspunkt.
- Redusere farten på vegen.
- Fortsetje arbeidet med å spele inn behov for gang- og sykkelveg/fortau til Statens vegvesen gjennom trafikksikringsplanar, og ved gjennomføring av utviklingsprosjekt som sokner til vegen. Barnetrakkregistreringane bør gjerast kjent som ein del av grunnlaget for avgjerd.

I dei andre delane av kommunen har det vore få registrering om vegar som er skumle eller farlege.

Desse vegstrekingane har elles blitt registrert som farleg:

- Deler av Sjødalsvegen er registrert som ein farleg fritidsveg fordi bilar køyrer fort.
- Deler av Fv. 51 mellom Randsverk og Lemmonsjøen er merka av som ein farleg fritidsveg.
- Tytingen og Truddelutten barnehage har registrert at vegstrekinga mellom barnehagane langs rv. 15 er farleg. Denne vegstrekinga blir mellom anna nytta i samband med barnehagesamarbeid.
- Truddelutten barnehage må krysse rv. 15 for å få tilgang til gode leikeareal langs Vågåvatnet og det er svært farleg å krysse vegen med små barn.
- Delar av Neslykkjevegen og Tessanden er registrert som skumle og farlege fordi dei er bratte og mørke.

Leike- og opphaldsområde

Det er registrert fleire leike- og opphaldsareal over heile kommunen. Nokre stader har barna merkt som favorittstad. Ein må velje å tolke dette som at det er staden og nærleiken til denne som er spesielt positivt skildra. Det er viktig å ta vare på leikeområda som er mykje nytta i framtida, og syrgje for godt vedlikehald etc. Barna har også merka av område som dei ikkje liker og som dei ønskjer å endra på.

Det var berre skateplassen ved idrettsbana som vart merka av som favorittplass på Lalm. Dette er eit mykje brukt område og det er favorittplassen for fleire ungar på Lalm. Det kom ingen tilbakemeldingar på at det var nokon problemstader på Lalm som dei ønskja å endra på.



Figur 4: Skateplassen på Lalm er ein populær plass for ungene.

På Vågåmo er det registrert 3 favorittstader og 6 problemstader. Det var tre område som peika seg ut i Vågåmo og det var:

- Moajordet (stad dei ønskjer å endra på og ein favorittplass for fleire).
- Dompe (stad som dei ønskjer å endre på).
- Ballbingen ved skulen (favorittstad).

Andre problemstader/ting som det var ønskje om å endre var som følgjande:

- Det bør opprettast fleire opphaldsområde for ungdom.
- Grasmatta på Halland bør skiftast ut.
- Leikeplassen ved Kjøpangerjordet er lite brukt og leikeapparata bør fløttast til Dompe eller skuleområdet.
- Vegen til Jettlia bør brøytast frå bommen til Jettjern.
- Vil ha ein tryggare skuleveg (Skogbygdsvegen).

Område som er brukt som leike- og opphaldsareal er vist i tabellane nedanfor og i kartvedlegg nr. 1 og nr. 3. Område som er merka av som favorittplass, eller stad som dei ikkje liker og som dei ønskjer å endre er også vist i tabellane.

Tabell 3: Leike – og opphaldsareal på Lalm (vist i kartvedlegg nr. 3)

Nr på kartet	Namn på området	Aktivitet	Årstid	Merknad
1	Lalm badeplass	Bader, fiskar, solar meg	sommar	
2	Leikeareal på skulen	Treff vener, sparkar fotball, anna ballspel, bruker leikeapparat, aker, ski	Heile året	
3	Lysløype	Går på ski	vinter	
4	Skateplass	Syklar	sommar	Favorittplass
5	Idrettsplass	Ballspel	Heile året	

Tabell 4: Leike og opphaldsareal for barn og unge i Vågåmo (vist i kartvedlegg nr. 1)

Nr på kartet	Namn på området	Aktivitet	Årstid	Merknad
10	Leikeplass Langskåret	Aker, leiker	Heile året	
11	Dompe	Treff vener, aker, ski, ballspel, bruker leikeapparat	Heile året	Ønskjer å endre
12	Areal utanfor Mega	Heng med vener	Heile året	
13	ICA og utanfor	Heng med vener	Heile året	
14	Statoil	Heng med vener	Heile året	

15	Halland	Ballspel	sommar	
16	Kjøpangerjordet	Bruker leikeapparat	sommar	
17	Skøytebane	Står på skøyter, speler ishockey	vinter	
18	Leikeplass ved ungdomsskolen	Treff vener og heng	Heile året	
19	Ballbinge ved skulen	Ballspel	Heile året	Favorittplass
20	Vanglandet	Bader, solar meg, fiskar	sommar	
21	Vanglandet	Bader, solar meg, fiskar	sommar	
22	Båthamna/Moloen	Bader, solar meg, fiskar, køyrer båt	sommar	
23	Båthamna/ Moloen	Isfiske	vinter	
24	Badedammen	Bader, fiskar, solar meg	sommar	
25	Gardsøyjordet	Ski, aker	vinter	
26	Moajordet	Syklar, anna	sommar	Ønskjer å endre, favorittplass
27	Svejordet	Ski	vinter	
28	Klonesodden	Bader, fiskar, solar meg, ballspel	sommar	
29	Sundodden	Fisker, badar, solar meg	sommar	
30	Vågåmo skule	Treff vener, leiker med leikeapparat, ballspel	Heile året	

Tabell 5: Leike- og opphaldsareal andre stader i kommunen

Nr på kartet	Namn på området	Aktivitet	Årstid	Merknad
6	Lemonsjø alpinsenter	Ski	vinter	
7	Mån	Ski, aker	vinter	
8	Lemonsjøen	Går på ski	vinter	
9	Idrettsbane i Sjørdalen	ballspel	sommar	
31	Tessand	Bader	sommar	
32	Tessand	Aker	vinter	

Kommentarar til resultata og forbetningsmoglegheiter

Skule og barnehageområde som leike- og opphaldsareal på fritida.

Areala kring skulane vert nytta som leike- og opphaldsareal i barna si fritid. Dei fungerer som møteplassar og for å drive med ulike aktivitetar som ballspel og sykling. Barna kjenner skuleområda godt, og dei opplevast ofte som deira område. Det bør satsast på å utvikle moglegheita for at areala skal vera tilgjengelege område for aktivitet heile døgnet. Utvikling av areala bør grunnjevast både pedagogisk for bruk i skulekvardagen, og som nærmiljøanlegg.



Figur 5: Ballbingen ved barneskulen i Vågåmo er ein favorittplass.

Moglege betringstiltak ved skulane:

- Gje skulane driftsmessige rammer som gjer at utearealet på skulen vidare kan nyttast som nærmiljøanlegg.
- Det bør vurderast å gjere noko med utearealet ved Vågåmo ungdomsskule. Arealet er lite brukt samanlikna med areala rundt barneskulane. Dette heng truleg saman med at arealet er lite tilrettelagt med leikeapparat og annan aktivitet.

Moajordet

Dette området er mykje brukt av barn- og unge i Vågåmo. Moajordet vart både registrert som favorittplass og plass som dei ønskja å endra på. Det var mange som syntest at området er stygt med jordhaugar, søppel og rot. Det kom ønskje om at det måtte gjerast noko med området slik at det kunne bli ein triveleg og fin møteplass. Fleire av elevane i 6. trinn meinte også at området var skummelt fordi området var nytta av ungdommar som stod der og hang. I tillegg er området utriveleg ved at det er stygt og rotete.

Sidan barnetrakkregistreringane vart gjennomført i 2012 har det skjedd mykje på Moajordet. Det har blitt bygd skatepark som er mykje nytta. Det er også sett ned ei kommunal arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med utvikling av området slik at det skal bli ein triveleg og innbydande møte- og opphaldsplass for barn- og unge i Vågå.

Det er viktig at det i framtida framleis blir sett fokus på dette området fordi det er framleis mykje som kan gjerast for å gjere området meir innbydande og trygg for dei yngre barna.



Figur 6: Skateplassen og BMX-bana på Moajordet er mykje brukt av barn- og unge.

Moglege betringstiltak:

- Fortsette det gode arbeidet som er sett i gang. Området kan truleg framleis virke skummelt for dei yngste barna ettersom området er mykje brukt av eldre barn- og unge.
- Det er viktig at det blir fokusert på at området også skal bli ein leike- og møteplass for dei yngre barna og ikkje berre dei store ungane.
- Syte for jamleg vedlikehald og rydding av søppel
- Fleire kvilepunkt/benkar kan gjere området attraktivt for fleire.
- Ljossetting kan inngå som ein del av eit utviklingsprosjekt med bruk av moderne ljosssettingsteknikkar, der dei visuelle effektane vert prioritert.

Dompe

Dette er ein tilrettelagt leikeplass i tilknytning til bustadområdet. Området er mykje nytta av barn og unge i heile Vågå, og ikkje berre ungar i nabolaget. Sjølv om området er mykje nytta, vart det ikkje merka av som noko favorittplass. Det var derimot fleire som sa at det var eit område som dei ønska å endre på. Det kom tilbakemelding på at området er slite og øydelagt og at det skulle ha vore gjort noko der. Det kom også ønskje om at skuret skulle ha vore ope slik at det kunne ha vore lagra snøskuffer og spadar til felles bruk. Det var også nokon som meinte at skulen skulle ha vore flinkare til å nytte gapahuken meir ettersom mange ungar lik å leike i skogen. Ut frå registreringane kan ein lese at både skule og barnehagen registrerer dette, som eit mykje brukt område.

Sidan barnetrakkregistreringane vart gjennomført i 2012 har området blitt godt vedlikehalde. Det er ein eldsjel som har tatt ansvar for området og det står no fram som ein triveleg og velstelt plass. Dette viser kor viktig det er at slike leikeområde blir slått og stelt for at ungane skal synas at det er triveleg å vere der.



Figur 7: Dompe har blitt ein triveleg og velstelt leikeplass.

Moglege betringstiltak:

- Leikeapparata på leikeplassen er gamle og desse bør på sikt skiftast ut.
- Private tomteeigarar og verksemdar bør oppmuntrast til godt stell av felles uteareal.

Område som skulen og barnehagen brukar

Lalm skule, Vågåmo barneskule og Vågåmo ungdomsskule fekk høve til å registrere uteareal som dei nyttar i skulekvardagen. Alle barnehagane i kommunen fekk også registrere areal som dei nyttar i barnehagekvardagen. Det er totalt 5 barnehagar i kommunen, Lalm barnehage, Søre Grindstugu barnehage, Tessanden barnehage, Tytingen barnehage og Truddelutten barnehage. Tabell 6 viser oversikt over område som barnehagane og skulen nyttar. Desse områda er også vist i kartvedlegg nr. 2, 4 og 5.

Tabell 6: Skulane og barnehagane sin arealbruk (vist i kartvedlegg nr. 2, 4 og 5)

Nr på kartet	Namn på området	Aktivitet
1	Idrettsplass og skatebane	Gym, idrettsdag, fysak
2	Ljosløypa	Kroppsøving, fri lek
3	Skulen sitt nærområde	Ski, uteskule, fysak, plukke bær
4	Kvennberget	Tur, uteskule, drama, musikk
5	Lavvo	Tur, uteskule, anna
6	Vetlefedttjønn	Fri lek
7	Svejordet	Ski, kroppsøving
8	Gardsøyjordet	Ski, aking
9	Vanglandet	Tur, uteskule, anna
10	Kvarbergsåsen og Likvegen	Kroppsøving
11	Rundt Hølmo	Kroppsøving
12	Sjellom	Tur
13	Blessomjordet	Fri lek, aking
14	Blessumlykkja	Naturfag, kroppsøving

15	Dompe	Fri leik
16	Skottlivegen	Kroppsøving
17	Blåhøvegen	Heildagstur i skulen
18	Klones	Skuleavslutning, Fysak, kroppsøving
19	Klonesområdet	Fri leik i barnehagen
20	Tytingtunet	Tur, samlingsplass, leik
21	Klones jordet og skogområde	Tur, ulike aktivitetar, aking
22	Klonesbakken-Kleivvegen	Tur, gapahuk, naturaktivitetar
23	Området ved Klones	Ulike naturkvaliteter
24	Gapahukområdet	Tur, naturutforskning
25	Vågåvatnet	Vassleik, fisking, leik på isen
26	Turveg langs rv. 15	Tur, barnehagesamarbeid

Kommentarar til resultatata og forbetningsmoglegeheiter

Skulane og barnehagane i Vågå er storbrukarar av uteområde, og brukar ofte naturområde/grøne areal i skulekvardagen. Uteundervisning er vanleg i kroppsøvings- og naturfagtimane. Til bruk i det pedagogiske opplegget nyttast både Kvennbereget og Vanglandet. Det vurderast som viktig at skulane kan nytte uteareal til slik undervisning og at dette kan skje utan bruk av biltransport. I Vågåmo blir areala på Sve- og Gardsøyjordet mykje brukt til aking og skiaktivitet, sjølv om areala ikkje er tilrettelagt for dette utover at det er dyrka mark som gjev fine og oversiktlege bakkar. På Lalm blir lysløypa brukt til skiaktivitet.

Moglege betringstiltak for skulane og barnehagen:

- Sikre samanheng i nettverket av turstigar og snarvegar, og at desse er knytt saman med attraktive og pedagogisk interessante utemiljø.
- Trafikksikringstiltaka, som og speglar barna sine registreringar på skule- og fritidsvegar, er viktige innspel for at skulane og barnehagen vidare kan nytte uteareala utan biltransport.

Vurdering/diskusjon av resultatata

Ved hjelp av barnetrakkregistreringar har barna gjeve si skildring av forholda i sin nærleik, og registreringane inneheld forslag til ei rekke fysiske betringstiltak. Prosjektet sitt ønskje har vore å la barna sine registreringar kome fram i størst mogleg upåverka stand.

Resultatdelen med figurar og tabellar framstiller registreringane i størst mogleg grad slik dei vart lagt inn av barna sjølv. Hensikta har fyrst og fremst vore å synleggjere barna sine interesser, og gjere det

lettare for private og offentlege aktørar å ta omsyn til dette i utviklingsprosjekt. Eit planfagleg perspektiv er teke inn for at barnetrakkregistreringane skal fungere som eit viktig innspel til arbeidet med å revidere arealdel og fungere som innspel til seinare planprosessar og prosjekt/eigedomsutvikling i område som rører barnas interesser.

Resultata viser at farlege vegstrekningar har ofte orsak i stor trafikk, ved at bilane køyrer fort og at det er uoversiktleg der ein skal krysse vegen. Resultata frå registreringane peiker ut spesielt ein vegstrekningar som bør prioriterast og det er Skogbygdsvegen, men det er fleire vegar som blir oppfatta som farlege. Desse vegane skulle ha hatt gang- og sykkelveg.

Det har vore ein del einskilde registreringar utanfor opparbeidde område, men desse områda har vi valt å ikkje vise i tabellar og kart ettersom det berre er ei registrering for område. Dette er ofte areal som ligg i tilknytning til heimen og som blir nytta til å ake på om vinteren og bygge hytte på om sommaren. Registreringane viser elles at barn- og unge i Vågå er flink til å bruke opparbeidde leikeområde også i fritida. Det er difor viktig at opparbeidd leikeområde blir vedlikehalden fordi barn- og unge er storbrukarar av desse areala. Areal kring skulane vert nytta som leike- og opphaldsareal i barna si fritid. Dei fungerer som møteplassar og for å drive med ulike aktivitetar som ballspel og sykling. Barna kjenner skuleområda godt, og dei opplevast ofte som deira område. Det bør satsast på å utvikle moglegheita for at areala skal vera tilgjengelege område for aktivitet heile døgnet. Utvikling av areala bør grunnjevast både pedagogisk for bruk i skulekvardagen, og som nærmiljøanlegg.

I løpet av barnetrakkregistreringane dukka det ikkje opp nokon leike- og opphaldsareal som vi ikkje viste at barna nytta. Det er også kjent at fleire av dei vegane som vart registrert som farlege burde ha vore utbetra med gang- og sykkelveg. Vi syns likevel at det var nyttig å gjennomføre desse registreringane som grunnlag for revisjon av arealdelen og eventuelt andre planrevisjonar.

Kjelder

Barnetrakk – registrering av barn og unges arealbruk. Veilleder 2010 (2010). Norsk Form.

T-1513 Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven (2012). Miljødepartementet.

Plan- og bygningsloven (2008), Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71.

Elevar og kontaktlærarar i 6. trinn (2012) på Vågåmo skule og Lalm skule, Vågå kommune.

Elevar og kontaktlærarar i 9. trinn (2012) på Vågå ungdomsskule, Vågå kommune.

Styrar og tilsette i barnehagane (2012), Vågå kommune.

Kartvedlegg


Vedlegg 1: Vågåmo – barna sine registreringar

Vedlegg 2: Vågåmo – skulen og barnehagen sin bruk av nærmiljø







Vedlegg 3: Lalm – barna sine registreringar


Vedlegg 4: Lalm – skulen og barnehagen sin bruk av nærmiljø

Vedlegg 5: Klonas – skulen og barnehagen sin bruk av nærmiljø




Tegnforklaring

	Leikeplass heile året
	Leikeplass sommar
	Leikeplass vinter
	Farleg barneveg
	Barneveg
	Snarveg




N





0 150 300 450 600 750
Meter

Målestokk 1:12000 i A4




Tegnforklaring

 Område skule og barnehage nytter



Målestokk 1:10000 i A4



Tegnforklaring

-  Leikeplass heile året
-  Leikeplass sommar
-  Leikeplass vinter
-  Farleg barneveg
-  Barneveg
-  Snarveg



0 60 120 180 240 300

Meter

Målestokk 1:8000 i A4



Tegnforklaring



Område skule og barnehage nytter


0 60 120 180 240 300
Meter




Målestokk 1:7000 i A4



Tegnforklaring

 Område skule og barnehage nytter



Målestokk 1:10000 i A4